



Notat

Dato: 08.10.2018
Arkivsak: 2018/11004-17
Saksbehandlar: evataul

Til:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå:

Fylkesrådmannen

Handsaming av Kvam herad sin kommuneplan 2017-2029

Vi viser til brev datert 28.09.2018 med uttale frå Kvam formannskap, som tar opp handsaming av Kvam herad sin kommuneplan 2017- 2029. I brevet kjem det fram at heradet er kritisk til sakshandsamingstida for offentlige instansar, både Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, særskilt i perioden då kommuneplanen har vore på høyring og offentlig ettersyn vår/sommar 2018. Vi vil i det følgjande kort klargjere korleis saka har vore handtert i vår organisasjon, og lar det vere opp til Fylkesmannen å kommentere punkta rette mot dei.

Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune har som mål å alltid gjøre ein grundig jobb i høyringssakar. Kommuneplanar og offentlege områdereguleringar er særskilt prioritert i dette arbeidet. Delegasjonsreglementet seier at planer av regional betydning skal handsamast politisk. Ein kommuneplan er eit stort og omfattande dokument som krev grundig sakshandsaming. Ved politisk handsaming må sakshandsamar ferdigstille saka minimum 3 veker før møte i det aktuelle utvalet, for at det skal verte godkjent av seksjonsleiar, direktør og fylkesrådmann før det når utvalet. Våre fråsegner er eit samla dokument frå Hordaland fylkeskommune med innspel frå ulike relevante avdelingar og seksjonar. Dette krev koordinering og kan ta ekstra tid. Ordinær høyringsfrist på 6 veker er difor svært krevjande å få til for saker til politisk handsaming.

Kommuneplan for Kvam herad har kome ueheldig ut i høve til tidsbruk, pga sommarferien og utsetjing av politisk handsaming på grunn av reise og ønske om synfaring. Vi kan ikkje sjå korleis fylkeskommunen skulle sikra ein raskare og framleis grundig nok sakshandsaming av høyring og offentlig ettersyn av kommuneplanen sin arealdel for Kvam herad. Under er ei gjennomgang av saksprosessen:

- 08.05.2018 – Fylkeskommunen får kommuneplanen på høyring
- 15.05.2018 - Saksbehandlar vurderer at tida fram til første møte (18.06.2018) i politisk utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) blir for knapp for samordning av innspela frå ulike avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen samt fagleg drøfting av framlegg, og ber om utsatt frist. Fristen blir forlenga til etter neste ordinære møte i KIRU; 24.08.2018
- 21.08.2018 – Utval for kultur, idrett og regional utvikling har første møte etter sommarferien og vedtar synfaring før handsaming av planframlegg. Neste møte i utvalet er lagt til Oslo. Synfaringa er dermed utsatt til neste utvalsmøte; 22.10.2018.